



STORTINGET

Stortingstidende

Referat fra møter i Stortinget

Nr. 40 · 10. januar
Sesjonen 2023–2024

Møte onsdag den 10. januar 2024 kl. 10

President: Masud Ghara khani

Dagsorden (nr. 40):

1. Muntlig spørretime
2. Ordinær spørretime
3. Referat

Presidenten [10:00:08]: Representanten Bjørnar Moxnes, som har vært permittert, har igjen tatt sete.

Representanten Frank Edvard Sve vil framsette et representantforslag.

Frank Edvard Sve (FrP) [10:00:28]: På vegner av representantane Morten Stordalen, Bård Hoksrud, Dagfinn Henrik Olsen, Himanshu Gulati og meg sjølv har eg gleda av å setje fram eit representantforslag om å oppheve godkjenning av endra vegnormal.

Presidenten [10:00:43]: Forslaget vil bli behandlet på reglementsmessig måte.

Sak nr. 1 [10:00:50]

Muntlig spørretime

Presidenten [10:00:51]: Stortinget mottok mandag meddelelse fra Statsministerens kontor om at statsrådene Kjersti Toppe, Jon-Ivar Nygård og Geir Pollestad vil møte til muntlig spørretime.

De annonserte regjeringsmedlemmene er til stede, og vi er klare til å starte den muntlige spørretimen.

Vi starter da med første hovedspørsmål, fra representanten Tage Pettersen.

Tage Pettersen (H) [10:01:17]: La meg starte med å ønske barne- og familieministeren godt nytt år!

Politimesteren i Oslo politidistrikt sa til Budstikka at det som skjedde på rutebussen ved Bærum sykehus på tampen av fjoråret, var en hendelse som ikke kom overraskende og uventet på politiet. Politiets bekymring ligger særlig på økningen i kriminalitet blant ungdom, hvor de ser at gjerningspersonene blir stadig yngre og har stadig lavere terskel for bruk av grov vold.

Moss Avis har de siste ukene skrevet om frykten for å bli banket opp av medelever som en del av skolehverdagen på Ramberg skole. Utdanningsforbundet i Moss melder om en økning i uønskede hendelser ved flere skoler, og det gjelder vold og trusler både mellom elever og lærere og mellom elever.

Det er et akutt behov for flere verktøy for å håndtere og ivareta barn som begår alvorlig og gjentatt kriminalitet. Kriminalitetsstatistikk over hele landet viser at ungdomskriminalitet på flere områder er økende. Det gjel-

der særlig volds- og vinningskriminalitet, og økningen er størst blant de yngste. På mange måter har 14 blitt det nye 17.

Barne- og ungdomskriminalitet rammer ikke kun offeret. Det er også ødeleggende for barnet selv. Barn som begår kriminalitet, må derfor ofte beskyttes mot seg selv. Av og til er det behov for å gripe inn hardere overfor barn under 15 år, som ikke kan straffes. For barn over 15 år bør politiet og domstolene få flere virkemidler for å skreddersy straffen til den enkelte og for å skjerme ungdommer mot seg selv og nye kriminelle handlinger.

Kan statsråden gjøre rede for Barne- og familiedepartementets innsats og tiltak mot gjengkriminalitet de siste to årene, og hvilke nye tiltak har hun på blokka for å møte den store utfordringen vi nå står overfor som samfunn?

Statsråd Kjersti Toppe [10:03:06]: Eg vil ønska godt nytt år tilbake til representanten!

Eg vil takka for spørsmålet, for dette er ei utvikling som òg bekymrar meg som barne- og familieminister. Vi høyrer at fleire politidistrikt og kommunar fortel om auking i kriminelle handlingar, særleg blant dei yngste ungane. Sjølv om vi totalt sett har ein ungdomspopulasjon der det er lite kriminalitet, ser vi ei utvikling dei siste åra. Spesielt har det vore ein auke blant dei som er under 15 år.

No er ikkje dette noko som vert løyst av berre eitt departement, eller som berre eitt departement har ansvaret for, for dette er ei samfunnsutfordring som ein må angripa frå fleire sektorar. Ikkje minst er det eit viktig kommunalt ansvar. Justisdepartementet har fremja fleire lovendingar som vel vart behandla i Stortinget like før jul, og som vi veit har vorte godt mottatt ute, med forbetringar i dei strafferettslege reaksjonane – dette med ungdomsstraff og ungdomsoppfølging og eit hurtigspor når det gjeld ungdomskriminalitet.

På området mitt er det no gjort veldig mykje for å betra levekåra. Det vi veit, er at ein ofte ser at det i forbindelse med dårlege levekår er ein større risiko for at ungdom kjem ut i eit visst miljø, eller at det vert meir kriminelle handlingar. Vi har i budsjettet prioritert veldig mykje som går på levekår i barnefamiljar, områdesatsingar, som òg vil vera viktig i dette arbeidet.

Eg har i tillegg sett og er bekymra for utviklinga og vil ta større grep på området mitt for å koordinera dette arbeidet enno betre.

Tage Pettersen (H) [10:05:09]: Takk for svaret. Det er selvfølgelig ikke bare på Østlandet man er preget av økende ungdomskriminalitet. Bergens Tidende har skrevet om at Bergen har vært preget av en rekke grove ran, vold, biltyverier og annen kriminalitet begått av

ungdommer i byen. I mars i fjor skrev BT at bergenspolitiet i et brev til statsråden tok opp at de har vært nær ved å skyte barn ved to anledninger. I brevet lister politileder Morten Ørn opp en rekke bekymringer som dreier seg om kapasiteten i barnevernet, negativ påvirkning på ungdomsmiljøene fra de mest aktive barna, behov for væpnede aksjoner og risiko for flere fengslinger framover.

Hvordan har statsråden fulgt opp de helt konkrete bekymringene fra bergenspolitiet, nesten et år etter den henvendelsen?

Statsråd Kjersti Toppe [10:05:54]: Eg har hatt møte med bergenspolitiet i to samanhengar. Første gang var kort tid etter at det brevet vart sendt til meg. Det var eit møte der Bergen kommune og Bufetat, altså barnevernet, òg var til stades. Vi fekk fram kva som var realitetane. Og ja, det er ein alvorleg situasjon, for det har vore ein stor auke i talet på barn som treng hjelp frå barnevernet, og det er store kapasitetsutfordringar. Det er òg nokre barn – ikkje mange, men det er alvorleg for dei det gjeld – som både vert avviste av helsevesenet, som politiet ikkje kan fengsla, og som barnevernet ikkje har kapasitet eller rammer til å ta imot. Dette er ungdommar under 15 år som allereie har mange kriminelle handlingar bak seg.

Eg har hatt møte med politiet no, og det vert viktig at vi saman – kommune, politi, barnevern og helsevesen – ser på kva vi kan gjera for desse ungdommane.

Tage Pettersen (H) [10:06:58]: Det var en fin overgang til neste spørsmål. Politimester i Oslo, Ida Melbo Øystese, har tatt til orde for et landsdekkende og lukket institusjonstilbud for ungdomskriminelle i barnevernet. Dette er noe Høyre er enig i, og noe vi har foreslått både i vårt alternative budsjett og senest denne uken. For gruppen som er under den kriminelle lavalder, er det mangel på institusjoner som er i stand til å gi et tilstrekkelig tilbud. For dem som er over 15 år, og som det ikke er aktuelt å sette i ungdomsfengsel, vil en mulighet for å kunne gi betinget fengsel med vilkår i institusjonsplassering være en god måte å ta ungdommen ut av det skadelige miljøet og korrigere skadelig adferd på, med sterkt fokus på psykisk helse, utdanning og arbeidstrening. Dette er noe som er etterspurt av både politiet og domstolene.

Hva er statsrådens tanker om et slikt landsdekkende institusjonstilbud for ungdomskriminelle under straffbar lavalder, og er det noe statsråden eventuelt vil være med og ta initiativ til?

Statsråd Kjersti Toppe [10:07:52]: Det er eit veldig aktuelt spørsmål. Stortinget har tidlegare tatt stilling til om ein skal bruka barnevernet som eit alternativ til

fengsel, og ein har ikkje gått inn for det. Ein har i staden innført ungdomseiningar i kriminalomsorga og alternativ som ungdomsstraff, ungdomsoppfølging osv. Det er viktig for meg å seia at barnevernet ikkje skal driva med samfunnsvern – det har òg med tilliten til barnevernet å gjera. Vi har nyleg fått ein rapport frå barnevernsinstitusjonsutvalet som tek opp akkurat dette og kjem med mange gode forslag som eg vil greia ut vidare, som utviding av lågsikkerheitstilbod i ungdomseiningane og fotlenke i barnevernsinstitusjon.

Viss vi skal ha eit nytt landsdekkjande tilbod, må vi iallfall sjå kvar det skal vera forankra. Er det barnevernet som skal ha dette? Då må dei få eit heilt anna lovverk og heilt andre rammer, og det må ein i så tilfelle greia ut vidare.

Tage Pettersen (H) [10:08:56]: Jeg er glad for at statsråden i hvert fall ikke avviser det. Denne uken la Høyre fram ti grep for å forebygge og bekjempe nettopp ungdomskriminalitet. Et av områdene som det kanskje er vanskeligst å få til en endring på, er hjemme i familielivet. Problematiske familieforhold og traumatiske opplevelser i oppveksten kan være årsaker til at noen ungdommer søker seg til og føler seg hjemme i kriminelle miljøer. Derfor er et av tiltakene våre å skjerpe kravene til foreldreinvolvering og hjelpetiltak i sårbare familier. Det handler både om å utvide politiets adgang til å pålegge mindreårige og foreldre å møte for politiet for samtale om forebygging, og om å sette familier i stand til å være gode omsorgspersoner og rollemodeller for sine barn.

Har statsråden noen tanker om hvordan vi i denne sammenheng kan vri barnevernets innsats – eventuelt andre instanser – til i enda større grad å jobbe forebyggende i familier enn de kanskje har mulighet til i dag?

Statsråd Kjersti Toppe [10:09:55]: Her er eg faktisk veldig einig med spørsmålsstillaren. Eg var i går i Øvre Eiker kommune og hørde om deira prosjekt, Foreldrepartner, der nettopp barnevernet går inn og jobbar førebyggjande og hjelpande i familiar som av ulike årsaker strevar. Det har gitt – iallfall slik eg fekk det presentert – fantastiske resultat. Det vert oppfatta som eit hjelpande barnevern: Ein hjelper familiar med økonomi, levekår og bustad, og ein gjer folk til betre omsorgspersonar. Så eg har veldig sansen for å vri innsatsen til barnevernet og andre hjelpeapparat som familiar møter, f.eks. Nav, til å gå inn og hjelpa familiar i ein tidleg fase. Eg trur det vil ha enorm betydning òg for førebygging og ei positiv utvikling hos barn når dei veks opp. Det ønskjer eg å prioritera vidare.

Tage Pettersen (H) [10:10:57]: Et annet av de viktigste forebyggingstiltakene handler om å redusere uten-

forskapet. I Moss Avis uttalte nylig politistasjonssjef Henning Dalby at skal man forebygge kriminalitet, må det gjøres før det oppstår, og der har hele samfunnsstrukturen et ansvar.

Kriminalitet og gjengdeltakelse fungerer dessverre ofte som et fellesskap for marginalisert ungdom, og disse ungdommene trenger nettopp andre fellesskap og bedre forbilder. Generelt, som statsråden har vært inne på, vet vi at barn som vokser opp med færrest ressurser hjemme, i langt mindre grad deltar i organiserte aktiviteter enn barn med mer ressurssterke foreldre. Et annet av Høyres ti tiltak er å legge til rette for kveldsåpne skoler med tilstedeværende voksne, som bl.a. det nye byrådet i Oslo har satt seg som mål. Hvordan tenker statsråden at vi kan få til et bedre samspill nettopp mellom stat, fylke og kommuner for å tilgjengeliggjøre offentlige bygg og lokaler for ungdommene i deres nærmiljøer?

Statsråd Kjersti Toppe [10:11:58]: Kommunene har eit veldig stort ansvar for å driva førebygging og kriminalitetsførebyggjande arbeid i lokalsamfunn, blant familiar og blant barn og unge. Vi må gjera det i eit fellesskap med både stat og kommune, fylke og ideelle organisasjonar. Det er veldig mange som må til, men kommunane har eit ansvar som vi skal leggja godt til rette for. Det finst mange gode samarbeidsprosjekt, men eg er opptatt av at f.eks. politi, barnevern og kommunar må ha eit godt og systematisk samarbeid rundt desse barna. Så vil eg ta opp ein ting som eg ser, og det er at vi ikkje kan snakka om førebygging av skeivutvikling og kriminalitet utan å snakka om narkotikapolitikken. Politiet seier iallfall til meg at dei ofte står handlingslamme og ser at narkotikabruken aukar, utan at dei kan gripa inn eller jobba førebyggjande.

Ingvild Wetrhus Thorsvik (V) [10:13:14]: Det viktigste vi kan gjøre for å forhindre kriminalitet blant barn og ungdom, er forebygging. Det ble bl.a. også trukket fram av Sveriges rikspolitistjef, da han besøkte Norge, som et av de tre viktigste tiltakene Norge kan gjøre for å forhindre at vi havner i samme situasjon som Sverige. Også Danmark har hatt problemer knyttet til ungdomskriminalitet, men etter å ha satset på forebyggingsprosjektet «Aktive drenge» i 2017 har antallet unge som har blitt anmeldt og dømt, gått kraftig ned.

Barneombudet er tydelig på at mange norske kommuner mangler gode forebyggende tiltak til unge og gode tilbud til unge lovbrytere, og at kommunenes ansvar ikke er synliggjort i regelverket og styringen av tjenestene. Regjeringspartiene stemte før jul imot Venstres forslag om et pilotprosjekt etter den nevnte modellen fra Danmark, som bl.a. også involverer foreldreinvolvering. Var det fordi statsråden mener at kommunene i dag er godt nok rustet og har nok ressurser til å drive nødvendig fore-

bygging blant ungdom? Eller er hun enig med Barneombudet, og hva vil hun i så fall gjøre for å fikse det?

Statsråd Kjersti Toppe [10:14:26]: Det er veldig mange gode prosjekt og tiltak som kommunane gjer, og om det er det eine eller det andre vi skal gie midlar til, tenkjer eg må kunna bestemmast lokalt. Det regjeringa har gjort, er at vi har hatt ei kraftig auke i tilskotsordninga for inkludering av barn og unge, som nettopp kan gå til slike prosjekt. No er vel den ordninga oppe i over 700 mill. kr, ho er veldig godt likt, og pengane kjem til nytte. Frivillige lag og organisasjonar kan òg dra nytte av ho, og i samarbeid med kommunane er det veldig masse god førebygging som skjer, men eg er einig i at vi må gjera endå meir ut av dette. Aktivitet er jo ei førebygging i seg sjølv, og regjeringa har òg fornya fritidserklæringa, der vi saman med kommunane og frivillige ideelle organisasjonar skal arbeida for at alle barn og unge skal kunna ha minst éin aktivitet saman med andre. Det tenkjer eg òg er viktig.

Olaug Vervik Bollestad (KrF) [10:15:42]: Nå har jeg sittet og hørt på dialogen mellom statsråden og spesielt Høyre. Det er utrolig mange etater rundt barn og unge. Det er skole, helsestasjon, barnevern, frivillighet, barnehage – det er ekstremt mange. Mitt spørsmål til barne- og familieministeren er: Snakker disse etatene faktisk sammen? Eller er det lovverk og taushetsplikt som gjør at en jobber i sylindre, som gjør at kriminaliteten og usikkerheten vokser fram hos barn og unge fordi de får ulike råd og ulike signaler og man ikke jobber sammen?

Statsråd Kjersti Toppe [10:16:36]: Det er eit stort spørsmål som eg skal svara veldig kort på. Det viktigaste laget rundt barn og unge er familien. Da skal familien også få hjelp frå ulike velferdstenester. Dei snakkar kanskje enno ikkje godt nok i lag, men det er gjort viktige endringar, bl.a. endringar i velferdstenestelovgivinga, der ein no har ei samarbeidsplikt i ulike tenester – familievern, krisesenter, helsestasjon, barnevern – som skal jobba saman om barn og unge. Lovverket er iallfall styrkt, men eg trur det enno er ei stund til det vert implementert i tenestene.

Barnevernsreforma vert kalla for ei oppvekstreform, og intensjonen er veldig god. Det er ikkje barnevernet sitt ansvar å sørgja for at det skal verta gode oppvekstforhold for barn og unge. Det er alle tenestene, særleg i kommunane, sitt ansvar. Det å få til å gjera barnevernsreforma til ei oppvekstreform – der er vi ikkje enno, men det må vera målet, slik at det vert betre samarbeid rundt barn og familiar.

Presidenten [10:17:41]: Vi går til neste hovedspørsmål.

Frank Edvard Sve (FrP) [10:17:54]: Spørsmålet går til samferdselsministeren.

Vinter og kulde gjer at rekkjevidda vert kraftig redusert for elbussar. Dette har fått store konsekvensar for kollektivreisande i sprengkulda. På måndag aleine innstilte Ruter heile 1 000 bussavgangar i hovudstaden. Til Avisa Oslo seier Ruter at dette er ikkje er deira ansvar, men kjem av klimakrisa. Direktøren for kommunikasjon og samfunnskontakt i Ruter forklarar kollapsen i kollektivtrafikken slik:

«Endringene i klima, gjør at store nedbørsmengder kommer på en gang, såkalt høy nedbørintensitet i kombinasjon med flere nullpasseringer, altså at gradestokken passerer null samtidig med store nedbørsmengder. Det gir store utfordringer for kjøreforholdene.»

Dette er det ein vanlegvis kallar norsk vinter.

Kva er det som skjer? Regjeringa har framskunda kravet om nullutslepp for alle bybussar frå 2025 til 2024. Statsråden har i den forbindelse uttalt at det er viktig at det offentlege går føre og stiller strenge krav til miljøvenlege innkjøp i transportsektoren, slik at vi reduserer utslappa frå sektoren.

Når vi no har sett korleis elbussane taklar den norske vinteren, kan statsråden då med godt samvit tvinge bussane som ikkje går, på alle dei kollektivreisande i byane neste vinter? Meiner statsråden at dei nye elbussane har takla den norske vinteren på ein god måte?

Statsråd Jon-Ivar Nygård [10:19:25]: Jeg har selvfølgelig forståelse for at det har vært utfordrende dager for de kollektivpassasjerene som har vært avhengig av bussen på Østlandet. Heldigvis, må vi si, er det sjelden vi har sprengkulde slik vi har hatt de siste dagene.

Det er et meget viktig poeng som representanten Sve egentlig ikke var innom, nemlig at vi i Norge har klimamål. Vi har forpliktelser internasjonalt, og vi har klimamål som skal nås. Transportsektoren står for en tredjedel av klimagassutslippene, og i denne salen er det bred tilslutning til at vi må bruke ulike virkemidler, som bl.a. å stille krav til nullutslippsløsninger, for at vi skal nå disse målene. Det skal selvfølgelig ikke bety et kompromiss med framkommelighet og teknologiens mulighet til å virke, så detaljene i hvorfor dette ikke fungerer godt nok, må Oslo kommune, Ruter og de som er ansvarlig for det, svare på.

Jeg mener at når vi går over til nullutslippsløsninger, må det også bety at kollektivsystemet vårt fungerer. Så vet vi jo, og det er greit å legge til, at i den typen kulde som vi nå har hatt, er det ikke åpenbart at andre teknologier heller fungerer problemfritt.

Frank Edvard Sve (FrP) [10:20:51]: Statsråden har ofte ein tendens til å peike på andre sitt ansvar og kom-

munane når det gjeld dette med nullutsleppskravet. Frå 1. januar 2022 vart det krav om nullutslepp for offentlege anskaffingar av personbilar og lette varebilar. Kommunane har no fått krav om at alle deira bilar skal vere nullutsleppsbilar. Dette ser vi konsekvensane av når heimesjukepleie/heimetenesta ikkje kjem seg ut for å hjelpe dei som faktisk treng hjelp. Ein må bruke store delar av arbeidstida si på å lade. Vi ser i media at tilsette fortvilar, og det gjer dei med god grunn.

Meiner samferdselsministeren dette er forsvarleg, og har samferdselsministeren tenkt å ta ansvaret for denne situasjonen, når det faktisk er regjeringa som har påført kommunane det kravet?

Statsråd Jon-Ivar Nygård [10:21:42]: Når det gjelder det ene kravet representanten først tok opp, får det virkning fra i år. Det faktum at Oslo har elektriske busser nå, er et initiativ de har tatt på eget grunnlag tidlige- re. Det betyr ikke at ikke vi også har et ansvar.

Jeg er opptatt av at det utstyret vi anskaffer, må virke, uavhengig av teknologi. Derfor er det selvfølgelig også unntaksadganger i regelverket vi har innført, dvs. at hvis det er ting man skal bruke utstyret til der det ikke vil være formålstjenlig at det er elektrisk, kan man gjøre andre valg. Det samme er det med klimatiske forhold, uten å gå nærmere inn i hvor det i så fall vil være relevant. Blant annet er det sånn at utrykningskjøretøy er unntatt fra disse bestemmelsene.

Frank Edvard Sve (FrP) [10:22:25]: Også frå 1. januar 2023 vart det krav om nullutslepp i offentlege anskaffingar av tunge varebilar, altså varebilar på mellom 1 785 kg og 3,5 tonn, som kommunane følger opp. Dette er bilar kommunane brukar i beredskapsarbeid innan vatn, avløp, straum og andre viktige kritiske samfunnsfunksjonar. Vi har denne vinteren opplevd også brøyteutstyr med eldrift, som kan brukast nokre timar før dei må stå dobbelt så lenge og vel så det for å lade. Det vert det jo mykje brøyting av. Det går sjølvsagt ut over beredskapen.

Synest samferdselsministeren at lovkrava regjeringa har påført kommunane, med nullutsleppskrav for viktige beredskapsområde i kommunane, er forsvarlege? Ja, det er unntaksåtgang, men kommunane følger opp lovheimlane, og vi ser konsekvensane av det no. Sjukepleiarane kjem seg ikkje ut til eldre, kommunane sine bilar som skal ut og ta vassrøyr som sprekk osv., kjem seg ikkje ut. Synest ministeren dette er forsvarleg?

Statsråd Jon-Ivar Nygård [10:23:25]: Det som ikke ville vært forsvarlig, ville vært å sitte helt passivt og ikke gjøre noe med de klimautfordringene vi har, ei heller ta inn over oss det ansvaret vi som nasjon har for å nå overordnede klimamål. Transportsektoren står for én

tredjedel av klimagassutslippene, og da må vi i alle fall gjøre noe. Jeg aksepterer ikke at premisset er at det vi gjør, ikke virker. Det er ikke sånn at vi skal kompromisere på utstyrets mulighet til å håndtere det det skal settes til, som følge av at vi går over til nullutslippsløsninger.

Frank Edvard Sve (FrP) [10:23:58]: Men det er akkurat det vi ser i samfunnet no i dag. I ein normal vinter – det er faktisk kuldegrader i Noreg når det er vinter – ser vi altså at 1 300 bussavgangar står. Folk kjem seg ikkje på jobb. Vi ser at bilane til heimesjukepleia står, dei må stå og lade. Folk får ikkje den hjelpa dei skal ha i kommunane, på grunn av at ein har følgd forskrifta til regjeringa. Ein ser det på andre område, med eldrift på både brøyteutstyr og ikkje minst andre viktige funksjonar. Det har konsekvensar.

Det kan ikkje vere sånn at klimamål og resultatmål for å oppnå internasjonale forpliktingar er viktigare enn at dei eldre faktisk får hjelp i heimesjukepleia. Då er mitt spørsmål igjen: Kva er viktigast? Er det tenestene vi politikarar har ansvar for overfor veljarane våre og innbyggjarane, som er viktigast, eller er det internasjonale lovkrav om klima og miljø som er det viktigaste for ministeren?

Statsråd Jon-Ivar Nygård [10:24:59]: Når vi innfører den type krav, er utgangspunktet vårt at teknologien er i stand til å håndtere det. Jeg vet ikke hva som er representantens erfaringsgrunnlag her, men jeg har i hvert fall fått med meg, gjennom å følge med på mediene den siste tiden, at det har vært kulderekorder i Oslo. Jeg tror man må ta inn over seg at det er et ganske ekstremt nivå på det klimatiske akkurat nå.

Det er også sånn at andre typer utstyr har utfordringer i den type kulde vi nå har sett, så det er for enkelt å si at hvis det er elektrisk, funker det ikke i kulde, men hvis det er noe annet, funker det optimalt. Så enkelt er det ikke. Jeg legger til grunn at det skal fungere når vi går over til nullutslippsløsninger, og jeg ser også at Ruter i Oslo sier at de har bestilt utstyr som skal fungere 365 dager i året. Jeg antar at de vil gå inn i en diskusjon med leverandørene sine om hvorfor det ikke er sånn.

Presidenten [10:25:56]: Vi går videre til neste hovedspørsmål.

Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [10:26:13]: Spørsmålet mitt går til mat- og landbruksministeren.

Ifølgje siste Global Food Security Index er det no for tredje året på rad ei dramatisk svekking av den globale matsikkerheita. Dyrtida for mat er global, og det nærmar seg no at ein milliard menneske globalt opplever svolt, og nær 5 pst. av verdas befolkning står i ei akutt matsikkerheitskrise. Stadig fleire område blir ulevelege

på grunn av konflikt og miljøkriser. Dette påfører oss som ein rik nasjon i nord eit stort ansvar på bistandsområdet for å bidra til at land best mogleg kan møte denne utfordringa.

Matsikkerheita i Noreg er også svært urovekkjande. Ifølgje dei siste tala frå NIBIO er vår eiga sjølvforsyning på berre 39 pst. Målet er 50 pst. innan 2026. Det er SV, Senterpartiet og Arbeidarpartiet einige om. I løpet av få år skal vi auke sjølvforsyningsgraden frå 39 pst. i dag til 50 pst. – ei formidabel oppgåve. I løpet av våren skal regjeringa leggje fram ein opptrappingsplan for jordbruket når det gjeld inntekt, og ho skal også leggje fram ein plan for sjølvforsyning. Noreg har blant dei svakaste sjølvforsyningsgradane i verda, så behovet for å ta i bruk norske areal og norske plantevekstar er akutt. Kva vil regjeringa gjere for å auke verdien av norske areal for å sikre at meir av maten blir produsert med utgangspunkt i norske arealressursar?

Statsråd Geir Pollestad [10:28:14]: Lat meg starta med å seia at eg er einig i den verkelegheitsbeskrivinga som vert gjeven. Det er ei global matkrise me står føre, og ho må me ta på største alvor. Det er òg bakgrunnen for at me i større grad rettar bistandspolitikken mot mat, men me har eit sjølvstendig ansvar i Noreg for å auka sjølvforsyninga her til lands. Me har gjort mykje. Det er bl.a. bakgrunnen for at me har auka støtta til jordbruket med 54 pst. over dei to siste jordbruksoppgjera. Det er liksom historia. Det handlar òg om å kompensera for den kostnadsveksten som har vore, for at ikkje prisane til forbrukar skal verta for høge.

Det er rett at me ønskjer å auka sjølvforsyninga. Eitt av dei viktigaste tiltaka for å få til det vil vera å auka lønsemnda i matproduksjonen, og så må me gjera det på ein måte som bidreg til at me greier å oppretthalda eit landbruk i heile landet, at me har med store og små bønder inn i framtida, og at landbruksmiljøa rundt om i landet består. Det er ingen tvil om at skal me auka sjølvforsyninga, må me auka planteproduksjonen vår i Noreg. Det vil seia at ein større del av frukt og grønt me som folk et, må vera produsert i Noreg. Der har me gjort eit viktig grep, bl.a. saman med SV, når det gjeld å styrkja tollvernet på utvalde grønsaker, inkludert potet. Det vil vera viktig. Eg veit at representanten er glad i fisk og potet, så det leverer me på – eitt viktig tiltak. Det er òg eit arbeid med at det føret dyra våre et, i størst mogleg grad skal vera produsert i Noreg. Dette er konkrete ting som me vil koma tilbake til i den varsla opptrappingsplanen både for inntekt og for sjølvforsyning.

Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [10:30:17]: Eg er glad for at statsråden trekkjer fram inntekt og sjølvforsyning, at dette skal kome i god tid før jordbruksoppgjere

ret, sånn at det gir eit godt grunnlag for ein ny og meir offensiv jordbrukspolitikkk.

Eg vil ta tak i det siste som statsråden var inne på, for det er kritisk viktig at det vi produserer på norske areal, får ein høgare verdi, sånn at vi kan redusere import av førråvarer til Noreg. Der er det å ta i bruk tollgrep viktig. Det er også viktig å sjå på import av førråvarer, om ein skal etablere nye, eigne avgifter på dette. Så har vi tilskot til prisnedskrivning av kraftfôr, som er ei form for subsidie på import, og som undergrev verdien av norske arealresursar. Er det konkrete ting som statsråden vurderer inn i arbeidet for å nå sjølvforsyningsmålet?

Statsråd Geir Pollestad [10:31:21]: Som eg sa i det fyrste svaret, er det å auka planteproduksjonen i Noreg viktig. Det å få ein auka andel norsk fôr vil vera viktig, og at dei dyra som kan eta anten gras eller kraftfôr, i størst mogleg grad et gras som me veit er 100 pst. norskprodusert. Heldigvis er det ei positiv utvikling når det gjeld fôr – andelen norsk går opp. 2023 var riktig nok eit veldig krevjande år for bøndene på grunn av dårleg ver, og 2022 var eit veldig godt kornår. Me vil nok òg i framtida sjå at dette svingar, men det kjem til å vera mitt mål at det føret, det kraftføret, som norske husdyr et, i større grad skal vera norsk. Det er òg bakgrunnen for at me har sett i gang dette prosjektet med berekraftig fôr, som er viktig for jordbruket og for havbruket.

Når det gjeld spørsmålet om prisnedskrivning, er det eit forhandlingstema, som eg ikkje vil koma inn på no.

Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [10:32:26]: Takk til statsråden. På radio i dag kunne SSB presentere prisutviklinga generelt i det norske samfunnet, spesielt på mat, som aukar mykje meir enn andre forbruksvarer. Det er litt interessant ettersom vi i Noreg i dag har eit system som sikrar at bonden i alle fall får ein gitt pris på ei rekkje varer. Heile det norske systemet er bygd opp om støtte til jordbruket, for å forhindre at ein skal ha den typen galopperande prisar i butikk. Statsråden er også matminister og har delvis eit ansvar for den delen av politikken – i butikk. Over lang tid har vi sett at butikkjedene aukar prisen meir enn det som er rimeleg. Kva gjer regjeringa i ein sånn situasjon? Kva er beskjeden til folk som no opplever at mat berre blir dyrare og dyrare – antakeleg urimeleg?

Statsråd Geir Pollestad [10:33:28]: Kampen mot prisveksten er eit hovudprosjekt for regjeringa på alle felt. Det inkluderer den generelle økonomiske politikken, og så har me målretta tiltak for å halda matvareprisane nede. Det at me har auka jordbruksoppgjera så mykje, har vore for at fellesskapet skal ta kostnadene, at bonden slepp å velta dei over på forbrukarane. Det meiner eg har bidrege til redusert pris. Straumstøtta til land-

bruket, der ein i praksis har full kompensasjon over 73 øre, er eit anna tiltak som me har sett i verk.

Så er det interessant å sjå av tala i dag at for produkt som mjølk, ost og egg, som ein i stor grad produserer i Noreg, er prisveksten 7,6 pst., mens for frukt, som i stor grad vert importert, har prisveksten vore 13,3 og for grønsaker 13,6 – eg er litt usikker på det siste, kanskje var det motsett. Det har vore ein større vekst på den importerte maten, og det viser at ein nasjonal produksjon er fornuftig, òg for forbrukarane.

Rasmus Hansson (MDG) [10:34:51]: Regjeringens mål om maksimalt 2 000 dekar tapt matjord per år blir foreløpig fulgt opp med frivillige og uforpliktende henstillinger fra regjeringen uten konkrete grep for å sikre at målet blir nådd. Derfor har Miljøpartiet De Grønne bedt Stortingets utredningsseksjon om en oversikt over planlagt nedbygging av matjord i matfylket Trøndelag. De svarer at det er svært vanskelig, men basert på kommuneplanenes arealdel anslår seksjonen at 13 764 dekar matjord er planlagt omdisponert i Trøndelag, og statlige veiprosjekter kommer i tillegg. Tidsrommet for disse planene er ukjent, men det betyr altså at Trøndelag alene planlegger å beslaglegge sju år av regjeringens samlede kvote for matjordnedbygging i Norge. Spørsmålet blir: Vil statsråden fortsatt møte dette med frivillige henstillinger, eller vil han trappe opp de politiske virkemidlene?

Statsråd Geir Pollestad [10:36:03]: Det er ei feil beskriving av regjeringa sin politikk. Eg trur ikkje at f.eks. IKEA, som planla å byggja varehus på eit jorde i Vestby, opplever at det dei har vore utsett for, har vore ei frivillig oppmoding. Eg trur det har vorte kjent at det var ei regjering som hadde vilje til å ta vare på dyrkamarka. Statsforvaltarane legg inn motsegner der det er prosjekt som ikkje kan godkjennast.

Så har representanten tal for det som er planlagt bygt ned i Trøndelag. Tala i ein rapport frå NINA viser at det nasjonalt er planlagt 140 000 dekar, som ligg inne til utbygging i arealplan. Det er klart at skal me nå framtidens jordvern mål, må det talet ned. Der må me få kommunane til å ta areal som er planlagt bygd ned, tilbake til LNF-område.

Presidenten [10:37:03]: Vi går vidare til neste hovudspørsmål.

Geir Jørgensen (R) [10:37:18]: Mitt spørsmål går til samferdselsministeren.

På julaften gikk fristen ut for å bruke unntaksbestemmelsene i EUs fjerde jernbanepakke, en jernbanepakke som bl.a. sier at all persontrafikk skal konkurranseutsettes. I Hurdalsplattformen står det at regjeringen

så raskt som mulig skal gå i dialog med EU for å sikre at man kan bruke dette unntaket. Vi vet at regjeringen i slutten av september mottok en utredning fra Jernbanedirektoratet om hvordan man kunne gjøre akkurat dette. Så vet vi at vi gjentatte ganger ikke har fått innsyn i denne utredningen fra Jernbanedirektoratet, men samferdselsministeren sitter altså på svaret om hvordan disse unntaksbestemmelsene kan brukes. Den utredningen fikk vi ikke se. Det betyr at vi før jul ikke kunne gjøre noe med denne saken fra Stortinget. Nå har fristen gått ut.

Kan samferdselsministeren garantere at regjeringen har brukt alle muligheter for å sikre at persontogtrafikken ikke privatiseres ytterligere?

Statsråd Jon-Ivar Nygård [10:38:36]: La meg begynne med at denne regjeringen har avlyst konkurranse på persontogtrafikken. Vi har også avlyst konkurranse på drift og vedlikehold, og vi har tatt Spordrift tilbake igjen i Bane NOR. Det vi sier i Hurdalsplattformen, er at vi skal utforske mulighetene for å få unntak hvis det er nødvendig. Vi har også sagt i gjentatt kommunikasjon i denne salen at vi først ser på hvilke muligheter det er for å videreføre vår jernbanepolitikk innenfor rammen av det EU-direktivet.

Det er riktig, som representanten Jørgensen påpeker, at det pågår en utredning om det, og vi er i en prosess hvor vi ennå ikke er ferdig. Det er gjort nye bestillinger, og vi har ikke kommet i mål med de vurderingene. Når vi har kommet lenger i den prosessen, vil vi selvfølgelig kunne kommunisere med Stortinget om det.

Geir Jørgensen (R) [10:39:28]: Det er fortsatt like uklart. Vi står her etter at fristen for å be om unntak fra EUs jernbanepakke er gått ut, og vi har ennå ikke fått svar. Kan statsråden svare på det nå? Har regjeringen bedt om unntak fra å konkurranseutsette persontrafikken i EUs fjerde jernbanepakke, eller har regjeringen ikke gjort det?

Statsråd Jon-Ivar Nygård [10:39:56]: Vi har veldig tidlig i denne regjeringssperioden tatt opp med EU vårt syn og gjort rede for det. Det gjorde vi kort tid etter at vi tiltrådte i regjering.

Geir Jørgensen (R) [10:40:20]: Jeg får vel fortsatt ikke svar på det jeg spør om, om regjeringen har eller ikke har bedt om unntak fra EUs jernbanepakke. Kan statsråden da i så fall forklare: Er det gitt et unntak fra EU?

Statsråd Jon-Ivar Nygård [10:40:33]: Det jeg tror det er litt forvirring om nå, er den fristen som gikk ut den 25. desember, som knytter seg til den ubetingede rettigheten vi hadde til å direktetildele. Den fristen gikk

ut 25. desember. Vi har hatt en prosess hvor vi har direktetildelt innenfor den fristen, så det er ikke en aktuell problematikk for oss akkurat nå, men det vil jo kunne komme til å bli det når vi skal ha nye prosesser for tildeling i framtiden. Det er det regjeringen jobber med nå, å se på hva slags handlingsrom vi har, for det første innenfor det direktivet, og for det andre om vi må inn i en prosess med å forsøke å få unntak fra det direktivet.

Geir Jørgensen (R) [10:41:22]: Den samme tilbakemeldingen som Samferdselsdepartementet har gitt til oss i Rødt om innsyn, er også gitt til EFTAs overvåkningsorgan, ESA. Situasjonen er den at vi ikke får vite hva Jernbanedirektoratets vurderinger er. Vi får ikke vite hvordan dette har blitt håndtert av statsråden og departementet. Spørsmålet blir da: Når er det mulig for oss som har et folkevalgt verv her, å få innsyn i disse vurderingene?

Statsråd Jon-Ivar Nygård [10:41:55]: Som jeg svarer i brev til Stortinget, der jeg skriver følgende: Samtidig er jeg innstilt på å gjøre en fornyet vurdering av dette spørsmålet når departementet har kommet lenger i sin interne saksbehandling i løpet av våren.

Det er ikke noe mer hokusfokus om dette enn at det fortsatt pågår dialog og diskusjon om hvordan dette skal forstås, og den prosessen er ikke kommet til ende.

Presidenten [10:42:14]: Vi går videre til neste hovedspørsmål.

Lene Westgaard-Halle (H) [10:42:35]: Norge står overfor en rekke store utfordringer fram mot 2040, og flere av de viktigste er nødt til å møtes gjennom en moderne landbrukspolitikk. Beredskapssituasjonen i Norge knyttet til mat har dessverre begrenset seg til om man er for eller mot kornlager, men som Riksrevisjonen påpeker: Regjeringen har faktisk ikke kartlagt hvor svakhetene i verdikjeden for matproduksjon ligger.

Selvforsyningsgraden i Norge er for lav. Det er vi enige om. En av de viktigste årsakene til det er at vi ikke klarer å forsyne oss selv med plantebasert mat, altså korn, frukt og grønt. En økning av grøntandelen vil ikke bare øke selvforsyningsgraden, det vil også kutte utslipp, samtidig som det svarer på en rekke helseutfordringer. Statsrådens svar på dette er at det ikke er middag om det ikke er kjøtt. I tillegg svarer han med kun å bruke 16 pst. av jordbruksoppjøret på nettopp planteproduksjon. Økt satsing på planteproduksjon vil være bra for klimaet.

Vi står midt oppe i en utfordring som er ganske mye større enn det jeg tror vi klarer å ta inn over oss her på Stortinget, men landbrukspolitikken gjør det jo ikke lønnsomt for en norsk bonde å omstille til mer bære-

kraftig drift, og det er et problem. Samtidig endrer Kari og Ola nordmann preferanser. De ønsker andre landbruksvarer enn det vi tradisjonelt har produsert, og skal vi tilfredsstillte forbrukerne, ta vare på folks helse, kutte utslipp, verne om naturen, øke selvforsyningsgraden og sikre god beredskap i hele landet, må norsk landbrukspolitikk moderniseres for å møte disse utfordringene. Mitt spørsmål er derfor: Hvordan vil statsråden definere et moderne og bærekraftig landbruk, og er vi der nå?

Statsråd Geir Pollestad [10:44:18]: Eit moderne landbruk er eit landbruk som produserer den maten forbrukarane etterspør, som sikrar beredskapen vår, og som produserer maten på ein mest mogleg miljø- og klimavenleg måte. Det er òg utgangspunktet for regjeringa sin landbrukspolitikk. Det er difor me har hatt to solide jordbruksoppgjør. Det er difor me skal leggja fram ein opptrappingsplan. Det er difor me skal leggja fram ein plan for auka sjølvforsyning.

Så er det rett at eit av verkemidla for å auka sjølvforsyninga – som eg sa i eit tidlegare svar – er å auka produksjonen av frukt og grønt i Noreg. Åleine står det for ein veldig liten del av det totale energiinntaket i maten, så det er ikkje eit tiltak som åleine vil vera nok. Eg meiner det er viktig å sikra bøndene, som sjølvstendig næringsdrivande, føreseielegheit. Eg meiner det er viktig å slå ring om forhandlingsretten. Difor var det så viktig at me fekk fleirtal i Stortinget for den avtalen som jordbruket hadde forhandla fram, og som i stor grad la til rette for auka produksjon av frukt og grønt. Kva var det Høgre valde å gjera i den situasjonen? Jo, dei stemte imot den framforhandla avtalen, og då dei la fram sitt alternative budsjett, gjekk dei òg mot det ved å kutta i løyvingane i ein avtale som Stortinget hadde vedteke. Det er iallfall ikkje ein moderne jordbrukspolitikk. Det er ein litt Framstegsparti-steil landbrukspolitikk, som eg tenkjer at Høgre ikkje burde ha vore med på.

Så innleier ein med å snakka ned dette med kornlager. Det har vore hard motstand frå Høgre mot å etablere beredskapslagring av korn. No gjer me det, for me meiner det er ei rett politisk prioritering i den tida me står i.

Lene Westgaard-Halle (H) [10:46:23]: Jordbruksoppgjøret svarer jo ikke på de utfordringene som vi er enige om at er vanskelige. Det var nettopp derfor Høyre var så tydelig på at vi trenger en annen type jordbruksoppgjør, da vi behandlet jordbruksoppgjøret nå i våres. Vi trenger å gjøre andre ting i jordbruksoppgjøret. Vårt alternativ – statsråden må gjerne kalle det FrP-sk, jeg skulle ønske det var det – var tydelig på klima. Vi hadde ti sider med merknader om klima, som verken regjeringen eller SV gikk inn i. Vi var tydelig på planteproduksjonen, at den må økes. Riksrevisjonen har nettopp vurdert i hvilken grad tilskuddene i jordbruksavtalen bi-

drar til å ivareta selvforsyningsgraden og matsikkerheten gjennom økt produksjon. Det er ganske interessant lesning, for de skriver følgende:

«Norge kan bli mer selvforsynt med mat ved å øke kornproduksjonen, men dagens virkemidler er ikke tilstrekkelige for å oppnå økt produksjon.»

Vil statsråden i de neste jordbruksforhandlingene sørge for at prosentandelen som brukes på planteproduksjon, økes?

Statsråd Geir Pollestad [10:47:25]: Jordbruksoppgjøret hadde ein klar klimaprofil, det hadde ei klar sat-sing på frukt og grønt, men eg meiner me er ille ute å køyra når ein, slik Høgre gjer, ikkje anerkjenner jordbruket sin rett til å forhandla med staten.

Me skal òg levera matvarer til den norske befolkninga. I dag kom det tal som viste ein ganske høg prisvekst, og eg er veldig glad for, på vegner av både norske bønder og norske forbrukarar, at ikkje Høgre fekk fleirtal for dei tiltaka som dei etterlyste. Eg er glad for at dei ikkje fekk innført ei kjøtavgift på ein halv milliard kroner, som norske forbrukarar måtte ha betalt. Eg er veldig glad for at Høgre ikkje fekk fleirtal for ei avgift på mjølkekartongar, som ville ha gjeve norske barnefamiliar ein auke i rekninga på mjølkekartongar på ein halv milliard kroner. Eg er òg veldig glad for at dei ikkje fekk gjennomslag for kuttet sitt i jordbruksavtalen på over 1 mrd. kr, som ville gjort at ein måtte ha velta ein større del av kostnadene over på forbrukarane. Me må klara å sjå både forbrukarar og bønder samtidig.

Lene Westgaard-Halle (H) [10:48:31]: Jeg er ikke sikker på om statsråden engang husker hva jeg spurte om, men jeg noterer meg at statsråden er veldig glad for at det ikke er noen klimaprofil i regjeringens jordbruksoppgjør, og at de synes det er fint at vi ikke jobber for å kutte CO₂. Det får stå for statsrådets regning. Utfordringen er at det statsråden og regjeringen legger opp til, ikke øker selvforsyningsgraden, ikke kutter utslipp og ikke gjør at vi får den maten vi kommer til å trenge i framtiden.

En videre oppfølging er innlemmelsen av Finland og Sverige i NATO, som vi nå ser. Den er historisk, og den medfører nytenkning på en rekke områder, som forsvar, transport og beredskap, mellom Norge, Sverige og Finland. Det gir oss helt nye muligheter med tanke på framtidig matberedskap. Norge har som kjent en betydelig eksport av matvarer, og til enhver tid har vi overskudd på mat stående i oppdrettsanlegg langs kysten. Vil statsråden ta initiativ til at norske matressurser kan ses på som en del av en felles nordisk selvforsyning og kriseberedskap?

Statsråd Geir Pollestad [10:49:31]: Litt av problemet med spørsmåla frå Westgaard-Halle er at dei inne-

held så mykje informasjon som ikkje er sann. I det fyrste spørsmålet vart f.eks. eit sitat frå tidlegare landbruksminister Sandra Borch brukt som mitt. Då vert det vanskeleg å ha ein politisk debatt om dette.

Når det gjeld spørsmålet om nordisk samarbeid, meiner eg det er viktig. Me må gjera vår jobb i Noreg. Eg har hatt samtalar med den svenske landbruksministeren om korleis me kan jobba saman for å styrkja den felles nordiske beredskapen. Det er òg eit samarbeid mellom landbruksministeren og fiskeriministeren om berekraftig fôr, som vil gjera at me kan auka norsk andelen. Me kan auka beredskapen gjennom at me får eit større innhald i fôr til husdyr og ikkje minst fôr til fisk som er produsert på norske resursar. Det er det som er den moderne grunntanken i landbrukspolitikken til Senterpartiet og Arbeidarpartiet.

